

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Tildeling av tilskot til etablering og tilpassing av bustad for 2019

Vi viser til søknad om vidaretildelingsmidlar for 2019.

Ramma for tilskot til etablering og tilskot til tilpassing er avgrensa, og kommunar med dei største bustadsosiale utfordringane vert prioritert.

Husbanken sitt vedtak

- **1 000 000 kr** i tilskot til etablering
- **200 000 kr** i tilskot til tilpassing

Ingen klagerett

Husbanken si avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak, og de kan difor ikkje klage på dette vedtaket.

Ny tildelingsrunde for tilskotsmidlar hausten 2019

Nytt i år er at vi held att delar av tilskotsmidlane til ein andre tildelingsrunde. Går kommunen tom for tilskotsmidlar, eller om behovet for midlar endrar seg i løpet av året, kan de søkje om ny løyving i andre tildelingsrunde. Søknadsfristen er **1.september**.

De finn det elektroniske søknadsskjemaet på Husbanken.no (<https://husbanken.no/startlaan/kommune>).

Kunngjering

Kommunane skal kunngjere tilskot til etablering og tilskudd til tilpassing. Korleis de kunngjer ordningane finn de på side 21 i «Veileder fra Finansdepartementet - om etablering og forvaltning av tilskuddsordninger i staten». Vi ber også om at de kunngjer startlånet, slik at denne ordninga blir betre kjend blant kommunen sine innbyggjarar.

Overføring mellom føremåla

Kommunane kan overføre mellom tildelte midlar på tilskot til etablering og tilskot til tilpassing.

Kva skal tilskot til etablering brukast til?

Eit av Husbanken sine mål er å bidra til at fleire langvarig vanskelegstilte på bustadmarknaden skal kunne eige sin eigen bustad. Dette gjeld særlig familiar som leiger kommunal bustad, men også familiar som har ein ustabil busituasjon i ein ueignet privat utleigebustad.

Tilskot til etablering skal bidra til å redusere buutgiftene og dermed redusere behovet for offentleg stønad. Tilskotet er eit viktig verkemiddel for å redusere risiko for tap, både for den enkelte og for kommunen.

Tilskot til etablering kan også gjevast til utbetring av bustad, som er nødvendig for at bustaden fortsatt skal vera buande i og eigna for hustanden over tid.

Målretta bruk av startlån, tilskot og bustønad, der verkemidla vert sett i samanheng, er viktig for å utnytte potensialet i ordningane. De bør utnytte moglegheita for lang nedbetalingstid på startlånet ved utmåling av tilskot.

Kva skal tilskot til tilpassing brukast til?

Tilskotet skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad får finansiering til dette, samt auke tilgjengelegheita i bustadmassen. Kommunen skal leggje vekt på at behovet for tilpassinga er føremåltenleg og av varig karakter. Tilskotet kan heilt eller delvis dekkje godkjende kostnader ved tilpassinga, og kan gjevast både til nye og eksisterande bustader. Tilskotet kan gjevast åleine eller saman med startlån etter ei konkret vurdering av husstanden sin økonomi.

Dei som har størst behov skal prioriterast. Familier med born med nedsett funksjonsevne skal vera høgt prioriterte ved tildeling av tilskot. Det er vidare klart at søkjarar som har eit dokumentert behov skal prioriterast framfor dei som ønskjer å leggje til rette for eit framtidig behov. For meir informasjon om korleis de skal prioritere tilskotet, sjå [«Veileder for tilskudd til tilpassing, for saksbehandlere i kommunen»](#).

Avsetjing til tapsfond

I 2019 kan det kun unntaksvis setjast av midlar til eit tapsfond. Kommunar som har behov for å setje av midlar i eit tapsfond må søkje Husbanken om dette innan **01.september**.

Tilskot til etablering og tilpassing direkte i kommunen si ramme frå 2020

Fra 2020 vil tilskot til etablering og tilpassing verte overført direkte i kommunane si ramme. Kommunen må difor setje av ressursar i samband med planlegging og budsjettering for å ha midlar til føremåla etter 2019.

Rapportering og kontroll

Kommunar som brukar StartSak

Alle søknadar som vert behandla i StartSak og som får status utbetalt eller avslag, vert automatisk rapportert til Husbanken.

Kommunar som brukar Startskudd

Alle søknadar som vert behandla i Startskudd og får status utbetalt eller avslag vert automatisk rapportert til Husbanken.

Kommunar som ikkje brukar StartSak eller Startskudd

Alle søknadar som vert utbetalt eller avslått, skal rapporterast fortløpande som enkeltsaker i rapporteringsmodulen StartRap.

Alle kommunar må sende inn årsrapportering for 2019 i StartRap i januar 2020.

Er de usikre på korleis de rapporterar i StartRap, les meir i rettleiaren [«Veileder for rapportering på startlån og tilskudd til tilpassing og etablering»](#) (HB 7.C.19).

Aktuelt regelverk

Tilskota skal vidaretildelast i samsvar med

- [Forskrift om tilskudd til etablering og tilpassing av bolig, med mer.](#)
- [Retningslinjer om tilskudd til tilpassing av bolig med mer](#) (HB 8.B.28).
- [Retningslinjer for tilskudd til etablering i egenbolig](#) (HB 8.B.29).
- [Retningslinjer om tapsdeling, tapsfond og administrering av startlån](#) (HB 7 B.15)

Med hilsen
HUSBANKEN

Britt-Nina Borge
Seniorrådgiver

Anne Karin Dorsey
Rådgiver